



# NOREGS HØGSTERETT

Den 20. november 2018 sa Høgsterett samansett av dommarane Endresen, Møse, Bergsjø, Arntzen og Høgetveit Berg dom i

**HR-2018-2203-A, (sak nr. 18-112409STR-HRET), straffesak, anke over dom:**

A (advokat John Christian Elden)

mot

B (advokat Bjørn Ove Blomholm Engelstad  
– til prøve)

## R Ø Y S T I N G :

- (1) Dommar **Høgetveit Berg**: Saka gjeld krav om oppreising og skadebot for mein etter seksuelle overgrep mot eit barn i 1994. Hovudspørsmåla i saka er om oppreisingskravet er rettskraftig avgjort og om krava er forelda.
- (2) A, fødd 00.00 1976, vart 14. august 2017 tiltalt for brot på straffelova 1902 § 195 første ledd andre straffalternativ, jf. andre ledd, jf. § 213, slik denne regelen var før lovendring i 2000. Grunnlaget for tiltalen var at A "ved flere anledninger i tiden våren 1995 til høsten 1996" ved seksuell omgang likestilt med samleie, skulle ha lagt hand på B, fødd 00.00 1986.
- (3) Gjøvik tingrett sa 8. februar 2018 dom der A vart dømt til fengsel i eitt år og ti månader. Han vart også dømt til å betale skadebot for mein til B med 560 000 kroner og oppreising med 120 000 kroner. Tingretten la til grunn at dei seksuelle overgrepa var gjort på eit tidlegare tidspunkt enn det som gjekk fram av tiltalen. Overgrepa vart tidfesta til "våren/sommeren 1994".
- (4) Med det faktum som tingretten la til grunn, hadde A ikkje fylt 18 år då dei straffbare handlingane skjedde.

- (5) A anka til Eidsivating lagmannsrett over straffutmålinga og kravde samstundes ny handsaming av dei sivile krava. Under ankeforhandlinga for lagmannsretten vart kravet om ny handsaming av oppreisingskravet trekt.
- (6) Eidsivating lagmannsrett sa 4. mai 2018 dom. Lagmannsretten la tingrettens provresultat til grunn for straffutmålinga – også at overgrepa hadde skjedd i 1994. Straffa vart redusert til fengsel i eitt år og to månader, der seks månader vart utsett med prøvetid. Skadebot for mein vart som for tingretten sett til 560 000 kroner.
- (7) A anka til Høgsterett. Anken gjaldt straffutmålinga og sakshandsaming knytt til kravet om skadebot for mein. Det vart kravd ny handsaming av det sivile kravet. Påtalemakta anka også, til gunst for sikta, jf. straffeprosesslova § 309. Det vart gjort gjeldande at det straffbare forholdet som A var dømt for, var forelda. A kravde deretter at han måtte frifinnast også for dei sivile krava, både oppreisingskravet og kravet på skadebot for mein.
- (8) Høgsteretts ankeutval frifann A for straffekravet i dom 14. september 2018, jf. straffeprosesslova § 323 tredje ledd bokstav b, fordi det straffbare forholdet var forelda. Samstundes vart delar av kravet om ny handsaming av dei sivile krava – spørsmåla om oppreisingskravet er rettskraftig avgjort og om krava er forelda – vist til handsaming i Høgsterett.
- (9) Den ankande parten – A – har i grove trekk gjort gjeldande:
- (10) Oppreisingskravet er ikkje rettskraftig avgjort. Sjølv om fornya handsaming av oppreisingskravet vart fråfalle for lagmannsretten, får fråfallet ingen verknad når A er frifunnen for straffekravet. Kravet vart reist i ei straffesak. Dommar i straffesaker har ikkje partiell rettskraft.
- (11) Oppreisingskravet og kravet om skadebot for mein er forelda – både etter foreldingslova § 9 nr. 1 og § 9 nr. 2. B har hatt psykiske og somatiske helseplager i langt meir enn tre år før fristavbrotet. For 20-årsfristen i foreldingslova § 9 nr. 2 har B provbyrden for at A fyller vilkåra om at han "kjente eller burde kjenne til" at dei skadevaldande handlingane "kunne medføre fare for liv eller alvorlig helseskade". Under alle omstende er saka på dette punktet ikkje godt nok opplyst til at Høgsterett kan forkaste anken.
- (12) A har sett fram slik påstand:
- "Prinsipalt: A frifinnes.**
- Subsidiært: Lagmannsrettens og tingrettens dommer oppheves for de borgerlige rettskrav.**
- Atter subsidiært: Lagmannsrettens dom oppheves for de borgerlige rettskrav."**
- (13) Ankemotparten – B – har i grove trekk gjort gjeldande:
- (14) Oppreisingskravet er rettskraftig avgjort. A gav avkall på fornya handsaming av kravet for lagmannsretten. Det er ikkje lenger ei straffesak.

(15) Dei sivile krava er ikkje forelda. B har ikkje hatt den naudsynte kunnskapen om krava og årsaksforholda før tidlegast i 2015. Hennar symptom før dette tidspunktet gjev ikkje grunnlag for å konkludere med at ho har hatt den naudsynte kunnskapen om skaden og den ansvarlege, jf. foreldingslova § 9 nr. 1. I vurderinga av As kunnskap, jf. foreldingslova § 9 nr. 2, må det leggjast vekt på at skadepotensialet ved seksuelle overgrep er velkjent.

(16) B har sett fram slik påstand:

**"Anken forkastes.**

**For så vidt gjelder menerstatningskravet nedlegges slik subsidiær påstand:**

**Lagmannsrettens ankeforhandling med dom oppheves."**

(17) *Mitt syn på saka:*

(18) Eg ser først på spørsmålet om frifinninga for straffekravet må få verknad også for den oppreisninga som er idømt av tingretten. Grunnen til at spørsmålet har oppstått, er at A fråfall kravet om fornya handsaming av oppreisingskravet for lagmannsretten.

(19) Utgangspunktet i lova er at ei frifinning for straffekravet ikkje fører med seg ei oppheving av ikkje påanka tidlegare avgjerder av sivile krav i straffesaka. I motsetnad til straffekrav, har sivile krav såkalla partiell rettskraft.

(20) Dersom det er sterke band mellom avgjerda av straffekravet og det sivile kravet, vil dette likevel kunne stille seg annleis. Det er tale om ein snever unntaksregel frå det som elles gjeld for sivile krav. Det avgjerande er om feilen i straffesaka kan ha verka direkte inn på innhaldet i avgjerda av det sivile kravet.

(21) Eg viser her til Rt-2009-1070 avsnitta 17 til 19. Saka gjaldt mellom anna eit spørsmål om oppheving av ugrunna vedtak om ankenekting berre skulle gjelde straffekravet, eller om opphevinga også skulle få verknad for eit sivilt krav. Fleirtalet i Høgsterett konkluderte i avsnitt 22 med at vedtaket som heilskap måtte opphevast, jf. avsnitta 20 og 21:

**"(20) Unntaksvis er imidlertid de prosessuelle bånd sterke også mellom straffekrav og sivile krav. Når anken gjelder bevisvurderingen under skyldspørsmålet, har partene uten videre krav på ny behandling også av sivile krav dersom vilkårene i straffeprosessloven § 427 til § 433 er oppfylt, jf. § 434 første ledd bokstav a. Dersom manglende begrunnelse for å nekte fremmet en anke over bevisvurderingen under skyldspørsmålet faktisk har virket inn på avgjørelsens innhold, vil det dermed kunne oppstå en meget urimelig situasjon dersom opphevelsen av beslutningen ikke også skal gjelde for den delen av beslutningen som angår det sivile kravet: Den tiltalte vil i tilfelle være avskåret fra en rettighet han ville hatt ubetinget krav på dersom saksbehandlingsreglene hadde vært fulgt i første omgang.**

**(21) Den nære prosessuelle sammenhengen mellom straffekravet og det sivile krav ved anke over bevisvurderingen under skyldspørsmålet taler for at en opphevelse av ankenektelsesbeslutningen, i et tilfelle som det foreliggende, også bør omfatte avgjørelsen om det sivile kravet."**

(22) I Rt-2011-1448 kom Høgsterett til at det ikkje var slike sterke band mellom straffekravet og det sivile kravet. Det var anka over lovbruken ved straffekravet, men ikkje kravd fornya

handsaming av eit oppreisingskrav knytt til den same posten i tiltalen. Etter å ha vist til Rt-2009-1070, skriv førstvoterande:

- "(18) Den foreliggende sak står i en annen stilling. Dette fordi slike spesielle omstendigheter og sterke prosessuelle bånd mellom straffekravet og det sivile kravet ikke foreligger. Lagmannsretten har i vår sak funnet det bevist utover enhver rimelig tvil at tiltalte har forholdt seg som nærmere beskrevet i tiltalebeslutningens post om overtredelse av straffeloven § 219, slik at feilen ikke knytter seg til bevisbedømmelsen, men til lovanvendelsen.**
- (19) Skadeserstatningsloven § 3-5 hjemler oppreisningserstatning til fornærmede ved slike handlinger som er beskrevet, jf. § 3-3. Om handlingene subsumeres under § 219 eller andre straffebud vil derfor særlig være et spørsmål om hjemmelen for oppreisning, selv om det nok også i noen tilfelle kan få betydning for erstatningens størrelse.**
- (20) Det foreligger da ikke noen slik unntakssituasjon hvor det kan reises spørsmål om å sette til side hensynet til fornærmede og hennes innrettelse på at kravet var avgjort."**
- (23) I vår sak vart kravet om ny vurdering av oppreisingskravet fråfalle i ein straffeprosessuell kontekst. Dei faktiske omstenda var erkjente. Korkje strafferettsleg eller sivilrettsleg forelding var tema i tingretten eller lagmannsretten. Den urette domfellinga i tingretten og lagmannsretten førte med seg at foreldingslova § 11 – om forlenga foreldingsfrist etter domfelling – kom i bruk, og avskar forelding av dei sivile krava. Når A no er frifunnen for straffekravet, kjem § 11 ikkje i bruk. Spørsmålet om forelding av dei sivile krava må då avgjerast etter foreldingslova § 9. Dersom kravet heller ikkje er forelda etter § 9, har fråfallet ingen tyding for innhaldet i tingrettens avgjerd. Dersom kravet derimot er forelda, vil fråfallet ha hatt direkte tyding for avgjerda.
- (24) Min konklusjon er at banda mellom straffekravet og oppreisingskravet er så sterke at ein må sjå bort frå fråfallet av kravet om ny handsaming av oppreisingskravet i lagmannsretten.
- (25) Frifinninga på grunn av strafferettsleg forelding har uansett ikkje tyding for grunnlaget for eller storleiken på oppreisingskravet. Det er berre for spørsmålet om forelding at fråfallet av ny vurdering av oppreisingskravet har hatt tyding.
- (26) Eg går så over til å sjå på spørsmålet om forelding av krava om skadebot for mein og oppreisning.
- (27) Det er semje mellom partane om at foreldingsfristen vart avbroten 18. september 2017 då B sette fram krava under straffesaka. Sidan vilkåra for skadebot for mein og oppreisning er ulike, jf. skadebotlova § 3-2 og § 3-5, må friststarten i prinsippet vurderast isolert for dei to krava.
- (28) Det første spørsmålet er likevel i begge tilfella om B hadde eller burde ha hatt "nødvendig kunnskap om skaden og den ansvarlige" før 18. september 2014, jf. foreldingslova § 9 nr. 1.
- (29) Dette vilkåret, nytta på personskadar, har vore handsama av Høgsterett ei rekkje gonger, seinast i HR-2016-293-A om den tilsvarande formuleringa i yrkesskadeforsikringslova § 15. Eg nøyer meg med å vise til avsnitta 38 og 39 i denne dommen.

- (30) Eg nemner likevel skildringa av gjeldande rett i NOU 1991:13 side 56 – som er av særleg interesse for forelding av krav etter seksuelle overgrep mot barn:
- "Tre-årsfristen i fl § 9 begynner å løpe når skadelidte har, eller burde ha skaffet seg kunnskap om de konkrete skadevirkninger, om hvem kravet skal rettes mot, og om at ansvarsvilkårene foreligger. Skadelidte må ha en 'oppfordring til å gå til søksmål' (jf blant annet Tjomsland s 336). Kunnskap om omfanget av skadevirkningene av et seksuelt overgrep mot et barn og om årsakssammenhengen mellom overgrepet og fornærmedes problemer, vil man ofte ikke ha før lenge etter overgrepet. Det er derfor grunn til å tro at 3-årsfristen i mange tilfeller vil begynne å løpe svært lenge etter at overgrepene er opphørt. I og med at det kan gå lang tid før skaden har manifestert seg på en slik måte at skadelidte objektivt sett har grunnlag for å fremsette erstatningskrav (jf bl.a Tjomsland s 341), er det grunn til å tro at også 10-årsfristen i fl § 9 annet ledd i mange tilfeller vil begynne å løpe lenge etter at overgrepet fant sted. Det er derfor grunn til å tro at det blir 20-årsfristen i § 9 annet ledd som i praksis oftest vil avgjøre når kravet er foreldet."**
- (31) Den tiårsfristen som det er vist til her, vart oppheva i 1996, utan at det har tyding for vår sak.
- (32) At seksuelle overgrep mot barn gjerne blir avdekt først etter lang tid – og at krav som følgje av dette først då blir sett fram – er velkjent og veldokumentert, jf. mellom anna NOU 1991:13 side 38–39. Barn som har vore utsette for overgrep, kan slite med skam og skuldkjensle. Det som er særleg relevant for spørsmålet om forelding, er at barn som har vore utsette for seksuelle overgrep kan fortrenge opplevinga for å kunne leve med henne. Først ved situasjonar seinare i livet vil minna kunne bli vekte til live, til dømes i samband med etablering av familie, samlivsproblem, fødsjar osv. Ein annan grunn til at det kan gå lang tid, er at skadeverknadene av overgrepa gjerne fyrst melder seg i vaksen alder – og at den skadelidne før dette ikkje har vore i stand til å sjå alvoret i og årsaka til skadane. I vurderinga av om den skadelidne aktsamt har mangla naudsynt kunnskap om skaden og den ansvarlege, må ein difor ta omsyn til at den skadelidne kan ha vore forhindra frå å ivareta sine interesser på grunn av ei psykisk blokkering som er ein konsekvens av nettopp den skaden som er grunnlaget for kravet om oppreising eller anna skadebot, jf. det tilsvarende synspunktet i Rt-1992-64.
- (33) Provføringa for tingretten og lagmannsretten har ikkje vore innretta mot det relevante vurderingstemaet etter foreldingslova § 9 nr. 1. Sjølv om Høgsterett har full kompetanse, meiner eg at det i denne saka ikkje er forsvarleg at Høgsterett handsamar dette konkrete foreldingsspørsmålet som førsteinstans, jf. prinsippet i tvistelova § 30-14 andre ledd.
- (34) Det er om lag 23 år frå opphøyret av dei skadevaldande handlingane til fristavbrotet. Eit alternativt grunnlag for forelding kan då søkjast i foreldingslova § 9 nr. 2. Spørsmålet er i så fall om A "kjente eller burde kjenne til" at dei skadevaldande handlingane "kunne medføre fare for liv eller alvorlig helseskade". Av den same grunnen som eg har nemnt i førre avsnitt, meiner eg at det i denne saka heller ikkje er forsvarleg at Høgsterett handsamar dette konkrete spørsmålet som førsteinstans.
- (35) Min konklusjon er etter dette at frifinninga for straffekravet må få den verknaden at lagmannsrettens dom delvis må opphevast for dei sivile krava, også oppreisinga. Ved den nye handsaminga kan lagmannsretten berre prøve om krava er forelda. Lagmannsretten

skal ikkje prøve grunnlaga eller utmålinga på nytt, jf. også vedtaket frå Høgsteretts ankeutval 14. september 2018.

- (36) Eg finn ikkje grunn til å la opphevinga få verknad også for tingrettens dom, jf. prinsippet i tvistelova § 30-15 første ledd andre punktum.
- (37) Eg røystar etter dette for slik

D O M :

Lagmannsrettens dom med ankeforhandling blir delvis oppheva for krava om skadebot for mein og oppreising. Ved den nye handsaminga skal lagmannsretten berre prøve om krava er forelda.

- (38) Dommer **Arntzen:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende.
- (39) Dommer **Møse:** Likeså.
- (40) Dommer **Bergsjø:** Likeså.
- (41) Dommer **Endresen:** Likeså.
- (42) Etter røystinga sa Høgsterett slik

D O M :

Lagmannsrettens dom med ankeforhandling blir delvis oppheva for krava om skadebot for mein og oppreising. Ved den nye handsaminga skal lagmannsretten berre prøve om krava er forelda.

Rett utskrift blir stadfesta: